



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.  
16/3700-1/FE - 234//LEM

Dato:  
15.09.2016

## Rapport den kulturelle spaserstokken 2015

Øygarden kommune søkte om pengar til tre ulike tiltak i 2015: Førestillingar, forfattarvitjing og skriveverkstad.

Tiltak 1 – Førestillingar:

Blomvåg og Hjelme sokn arrangerte busstur til Fedje for eldre i Øygarden, der dei hadde leigd inn underhaldar til turen. På turen deltok 50 pensjonistar.

På Tednebakkane omsorgssenter vart det arrangert 2 ulike tilstellingar:

- Guren Hagen – spelte og song Prøysen songar m.m.
- Teaterkabaret «På Magdas kjøkken» for eldre og demente

Forfattarbesøk på Øygarden bibliotek – Gunnar Stålesen

Skriveverkstad på Tednebakkane omsorgssenter. Her leigde me inn Odd Sætre som intervjuar og skrivar. Han var saman med ei gruppe på 5 frå Tednebakkane som han snakka med om gamle dagar. Laga eit teksthefte av dei ulike historiane til dei eldre kom med. Kom tilbake og hadde opplesing av tekstane for dei andre pensjonærane på Tednebakkane.

Utanom dette har me av spaserstokkmidlane utdanna ein leiar til seniordans slik at dette tilbodet kan fortsetja.

Alle tiltaka vart svært godt motteke av dei eldre i Øygarden så eg vil retta ein stor takk for løyvinga til Øygarden kommune. Dette gjer det mogeleg for oss å arrangera ulike arrangement til denne gruppa.

Rekneskap 2015

Blomvåg og Hjelme sokn, underhaldning	kr. 5.000,-
Guren Hagen	kr. 7.200,-
Teaterkabaret «på Magdas kjøkken»	kr. 6.500,-
Forfattervitjing G. Stålesen	kr. 5.500,-
Skriveverkstad v/Odd Sætre	kr. 12.800
Kurs seniordans	<u>kr. 2.500,-</u>
Totalt	<u>kr. 39.500,-</u>

Vonar dette er tilfredsstillande rapportering, viss ikkje høyrer eg gjerne frå Dykk.

Med helsing

Liv Edel Mikkelsen  
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur